

Smartare slamtømming med ny sensorteknologi

Miljøselskapet ÅRIM får støtte frå Regionalt Forskningsfond Møre og Romsdal til å utvikle ei meir effektiv og berekraftig forvaltning av spreidde avløpsanlegg. Avanserte sensorar skal sørge for at slamtømming skjer etter behov, i staden for fastlagt intervalltømming.

PUBLISERT 18. AUG. 2022



Foto: ÅRIM

Utslepp frå avløpsanlegg i spreidd busetnad er ein av dei viktigaste årsakene til at miljøtilstanden i vassførekomstane mange stadar ikkje er god nok. Løysinga som no skal bli utvikla, vil sikre at anlegg blir tømt før dei er fulle. Samtidig vil ein unngå at anlegg som er lågt belasta, ikkje blir tømt oftare enn nødvendig.

-Den nye løysinga for slamtømming vil redusere forureining, klimagassutsleppa og ressursbruken i avløpssektoren. Som lokal forureiningsmyndigheit med forvaltningsansvar for spreidde avløp vil alle kommunane i Noreg ha nytteverdi av den nye forvaltningsløysinga, seier prosjektansvarleg i ÅRIM, Lars M. Fugledal.

ÅRIM er ansvarleg for renovasjon og innsamling av sanitært avløpsslam frå totalt 11500 avløpsanlegg i Ålesundsregionen. Teknologitvikinga blir ivaretatt av den kommersielle verdikjeda i samarbeid med SINTEF, som er forskingspartnar i prosjektet.

Meldinger ved utskriftstidspunkt 5. april 2026, kl. 18.30 CEST

Det ble ikke vist noen globale meldinger eller andre viktige meldinger da dette dokumentet ble skrevet ut.